

Årsmelding 2016

Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutvalg

Årsmøte 2016

Blei avholdt den 14.04 på Lien fjellgard.

Tor Lien gjekk av som leiar etter 1 år. I hans stad overtok Espen Høydahl som leiar for 1. år.

Styret i 2016 består i:

Leiar Espen Høydahl, Hjartdal

Nestleder Espen Dyrud, Seljord

Varamedlem Ola Sverre Bakkemoen

Styremedlem Svein Moen, Tinn

Varamedlem Sigmund Røysland

Styremedlem Nils Bondal, Hjartdal

Varamedlem Torstein Evensen

Styremedlem Rolf Skjelde, Vinje

Varamedlem Torgeir Longvik

*Rolf Skjelde gikk tidlig ut av styret, Torgeir Longvik overtok i hans stad.

Sekretærarbeid er utført av Helle Solberg

Revisor Erling Gaaserud

Desse var på valg i 2016:

Leiar for eit år : Espen Høydahl valgt for eit år

Styremedlem for 2 år: Nils Bondal med vara Torstein Evensen

Styremedlem for 2 år: Torgeir Longvik med vara Torbjørn Berge

Møtevirksomhet

Det er avholdt 3 styremøte. Vår og haustmøte med villreinnemnda, møte med Knut Nylend fra SNO, møte med forsker Olav Strand og møte med fagleg kompetansegruppe frå Høgskulen i Bø.

Olav Strand hadde fått forespørsel om å utføre beitegranskinga, dette blei planlagt på fagdagane med villreinrådet. Hardangervidda skulle same år ha tilsvarande kartlegging, slik av vi kunne få kursing og bistand samtidig med dette. Etter fleire henvendelsar til Olav Strand, uten respons, vart det istaden sendt forespørsel til Høgskulen i Bø, dei takka ja til å utføre kartlegginga.

Villreinnemnda ynskjer at utvalgene presenterer sine områder med historikk, problemstillinger, jaktresultater, forvaltning o.l. Da ny nemnda blei satt våren 2016 presenterte Helle Solberg BV.

Fellingsløyve

Utvalget har fått fellingsløyve for heile området og utdelinga blir gjort til kvar kommune/villreinlag. Den valdansvarlige har ansvar for vidare utdeling av kort samt innkreving av avgifter:

Hjartdal: Erling Gaaserud

Seljord BV1: Ola Sverre Bakkemoen

Seljord BV2: Petter Ringvoll

Seljord BV10: Reidar Hage

Seljord BV10B: Jostein Svartdal

Tinn: Olav Skinnarland

Vinje: Egil Fundli

Det blir krevd inn 100,- pr.kort i organsisasjonsavgift.

Fellingsavgift for kalv har vore 163,-

Fellingsavgift for vaksent dyr har vore 265,-

Kvote 2016

Totalt 240

	Antall 240	% 100
Frie	72	30
S/U	84	35
Kalv	84	35

Fellingsresultater

	Kalv	S/U	>2,5 år	sum
Hanndyr	15	7	14	36
Hodyr	8	6	33	47
Sum	23	13	47	83

Dette gir ein fellingsprosent på 34,5%

Jakttid

Ordinær jakttid frå 20 august til 30 september.

Tellingar

Hans Aarbakk, Vetle Heddejord og Espen Høydahl har stått for tellingar.

Minimumstelling 14.02.16

Totalt 529 dyr. 3 flokker, alle i eit lite område rundt Månelibråtet: 475 i ein stor flokk i Storsteindalen, 11 dyr ved Tandertjønn og 43 dyr ved Såemsbotn. Telleforholda var gode, ingen reinspor å sjå andre stader.

Kalvetelling 18.og 19.06

Flyfoto mellom Gråtjønn og Storfiska
277 vaksne og 97 kalv

Bakketelling ved Primholun

100 vaksne derav 2 bukk 35 kalv

Utifrå vintertellinga skulle det ha vore ca. 100 dyr til, desse vart ikkje funne under kalvetellinga. Men med desse dyra i beregninga ved ein kalveprosent på 35% og 450 s/u bør det ha blitt født 157 kalv.

Oppsyn

Timer i felt:	138 (fordelt på 11 dagsverk)
Timer adm:	4
Informerte:	28
Kontrollerte:	17
Advarsler:	1
Anmeldte:	0

Heimeside

www.brattfjell-vindeggen.no

Her blir lagt ut informasjon som omhandlar forvaltning av villreinstamma, resultater frå tellingar og jakt ol. Her kan også informasjonsfolder som gjelder for jakta lastas ned. Vi har og ei facebookside hvor vi kan legge ut informasjon. Denne sida er det mange jegerar som set pris på. Helle Solberg har ansvar for heimesida og facebookside.

Økonomi

Saldo foreningskonto pr 31.12.2016 **63 732,50**

Saldo sparekonto pr. 31.12.2016 **255 513,77**

Sum egenkapital **333 392,59**

Inntekter	94706,87
Utgifter	82007,27
Balanse overskudd	= 12 699,6

Utstyr

Lamineringsmaskin og utstyr i forbindelse med kjeveinnsamling blei kjøpt inn.

Kart

Har blitt lagt ut for salg på Sport 1 Tuven, Intersport Seljord, Bøen kiosk og kafe, Jakt og fjellsport Notodden, Bygdesentralen og skyttarbanen i Sauland. Det utvida jaktområde i Hjartdal frå 2009 er ikkje med på desse karta, det er heller ikkje oppdatert hos Fylkesmann eller kommune.

Kartlegging av villreinområde (prosjekt)

Norsk Villreinsenter på Skinnarbu har ansvar for oppdatering av kartverk knytt til villreinens arealbruk i Brattefjell-Vindeggen. Kartet skal vise korleis reinen brukar områda til alle årstider i eit langsiktig perspektiv. Det vart oppretta ei fagleg prosjektgruppe, Espen Høydahl deltok frå villreinutvalget.

Tiltak

1. Innførte en prøveordning med sms/ e-post varsling ved felling. Dette for å ha ein oversikt og dokumentasjon undervegs i jakta. Det skulle gjere arbeidet litt enklare ved jaktslutt, da mange av dei felte dyra allereie var registrert. Av 83 felte dyr fekk vi inn 60 meldinger undervegs (75% innmeldte). Vi klarte allikevel ikkje holde innrapporteringsfristen til nemnda og Miljødirektoratet, da korta kom for seint tilbake. Alle meldinger kom til sekretær og/eller BV si e-post adresse.

2. Innsamling av kalvekjever på utvalgte stasjoner. Fikk inn 16 kalvekjever av totalt 23. Det er viktig for villreinområda å dokumentere kondisjon på dyra over tid. Kjevelengden er eit godt mål på korleis miljøforholda påverkar størrelsen hos hjortedyr. Villreinutvalget måler og fører opp all dokumentasjon til eget bruk.

Sluttord

Planlegging av beitegranskinga og tiltak ifm.jakta har vore hovudpunkter dette året.

Villreinutvalget er godt fornøyd med samarbeidet vi har med den faglege gruppa i Bø som tok på seg beiteprosjektet. Utgifter ifm. med dette kjem i 2017.

Utdeling av kort gjekk seinare enn normalt grunna arbeid med CWD og mulig restriksjonar.

Vi fekk ingen spesielle restriksjonar ifm. dette i 2016.

Tilbakelevering av kort fungera svært dårleg i år. Utvalget risikerer å miste midler og tilbakeføring av fellingsavgifter ved for sein innrapportering.

GPS-merking har i 2016 vore lagt på is, grunna det pågående kartleggingsprosjektet ved Skinnarbu, som finansieres av Miljødirektoratet.

Vi får mange henvendelser kvart år om kjøp av kort i jakta, har ingen etablert system for vidare salg.

Styret ynskjer forenkle arbeidet med innlevering av kort. Kvart lag har egne vedtekter med konsekvensar for dei som ikkje leverar korta i tide. Dette bør bli fulgt opp betre.

Hjartdal den 04.04.2017

Styret

Espen Høydahl

Espen Dyrud

Nils Bondal

Svein Moen

Torgeir Longvik